



Til adressatar jf liste

SAKSBEHANDLAR: MARIA COLLETT KNAGENHJELM

ARKIVKODE: 2011/1783 -

DATO: 15.11.2011

Referat frå møte i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre den 25. oktober 2011

Tid: Tysdag den 25. oktober 2011 kl. 08.30 – 12.00

Stad: Hotell Alexandra i Loen, Stryn

Til stades frå styret:

Torodd Urnes – leiar – Luster kommune, Gunnvor A. Sunde - fylkeskommunen, Eline Orheim – Sogndal kommune, Nils Gjerland – Førde kommune, Einar Målsnes – Balestrand kommune, Gerd Dvergsdal – Jølster kommune, Johan Berge – Stryn kommune (vara for Nils P. Støyva).

Andre deltakarar:

Anne Rudsengen (Statens naturoppsyn) og Maria Knagenhjelm (sekretær)

Saksliste:

Sak 41 – 2011

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent med ei ny sak (50-2011) under eventuelt. Sak 43 vart handsama før sak 42.

Sak 42 – 2011

Val av to styrerepresentantar til å skrive under referat

Gunnvor A. Sunde og Einar Målsnes vart valt, saman med leiar, til å skrive under referatet frå møtet den 30. september.

Sak 43 – 2011

Godkjenning av referat frå møtet den 30. september i Jostedalen (sjå vedlegg)

Godkjent.

Sak 44 – 2011

Orienteringssakar

- a) Gjenoppbygging av bruer i Sunndalen

Sunndalssetra grunneigarlag søker om kr 20 000,- til gjenoppbygging av fire bruer i Sunndalen. Dei søker også om løyve til å utføre det naudsynte arbeidet, samt helikoptertransport for å frakte material til brubygginga. Grunneigarlaget søker også om løyve til fleirårig motorferdsle til Sunndalssetra fire gonger pr år vidare fram i tid. SNO har midlar til gjenoppbygging av bruer i budsjettet for 2011, ev kan nasjonalparkstyret løyve resterande skjøtselsmidlar til prosjektet. Nasjonalparkstyret signaliserte at løyve til gjenoppbygging, transport av material, samt ev økonomisk støtte kan bli handsama i løpet av hausten i arbeidsutvalet til nasjonalparkstyret. Samtidig signaliserte styret at det ikkje vil vere aktuelt å vedta fleirårige løyve til motorferdsle før ein forvaltningsplan ligg klar.

b) Vestsideelvene i Jostedalen – status

Sidan førre møte i nasjonalparkstyret har kommunestyret i Luster vedteke med 16 mot 13 stemmar å avslå Statkraft sine planar om utbygging av vestsideelvene i Jostedalen.

c) Heimeside for nasjonalparkstyret

Alle verneområdestyra skal få kvar si eiga heimeside linka frå ein felles portal. Målet med nettsidene er å få ein enklare dialog mellom forvaltningsmyndet og lokale, regionale og nasjonale aktørar. Sidene skal innehalde post- og arkivsystem, og styrepapir. Sidene vil truleg bli klare til bruk i løpet av våren 2012.

d) Reiserekning og møtegodtgjersle for styrearbeid

Styret fekk ei orientering om satsane for møtegodtgjersle og dekking av reisekostnadar.

Styremedlemmane får utsendt skjema for utfylling etter styremøtet.

Sak 45 – 2011

Rammeløyve for oppføring av stølshus på Sunndalsseter

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir eit rammeløyve til Dag Hjelle for oppsetting av stølshus på alternativ 4 på Sunndalssetra, det vil seie på berg/vegetasjon sør for elva. Dag Hjelle må komme tilbake med teikningar av selet tilpassa tomte før endeleg løyve vert gjeve.

Når det gjeld nye teikningar av selet vil styret peike at selet i storleik og utsjånad må tilpassast tradisjonell byggeskikk for sel og stølshus, jf. vurderingane i løyvet. Styret viser og til sel som har blitt restaurerte på Sunndalsseter dei siste åra.

Nasjonalparkstyret grunngir lokaliseringa på alternativ 4 med følgjande argument:

- Ny informasjon vart lagt fram på styremøtet, og det vart vist til rapporten Etnologisk feltarbeid i Oppstryn, frå 1994, av Anne-Berit Ø. Borchgrevink. Der kom det fram at eit ev nybygg på alternativ 2 truleg vil påverke to gamle tufter, der den eine, jf. rapporten, truleg er av dei eldste på setra.
- Sameiget på Sunndalssetra har vedteke lokaliseringa samrøystes på årsmøtet, og det er viktig for nasjonalparkstyret å lytte til ei samla uttale frå grunneigarane i Sunndalen.
- Sameiget ønskjer at dei eksisterande tuftene på alternativ 2 skal ligge urørt på grunn av verdien dei har som kulturminne på stølsvollen.
- Det er, og har tidlegare vore, fleire sel på sørsida av elva. Det er difor ikkje avgjerande for stølsområdet som kulturlandskap å plassere nye bygg utelukkande på nordsida av elva.

Sak 46 – 2011

Bestillingsdialogen med Statens naturoppsyn; kva ønskjer styret å prioritere for 2012?

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre prioriterer følgjande tiltak i bestillingsdialogen for 2012:

- Slutføring av Skålastiprosjektet (budsjettramme på kr 400 000,-)
- Revidering av forvaltningsplanen – arbeidet må vere første prioritet for nasjonalparkforvaltaren for det neste året.
- Frie midlar til det nye styret – det nye styret må på sjølvstendig grunnlag kunne prioritere bruk av midlar i nasjonalparken, t.d. oppbygging av bruer, restaurering av stølar og strakstiltak. Styret bør også få disponere midlar til ev jubileumsmarkering i juni 2012.
- Restaurering av gamle ferdselsveger inkl. restaurering av bruer – utarbeide ein detaljert prosjektplan på gamle ferdselsvegar som treng tilrettelegging jf. saksutgreiinga.
- Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt – utarbeide ein plan for heile nasjonalparken.
- Utbetring av parkeringsplassar ved innfallsportar
- Naturvegledning – sommarprosjekt.
- Kulturlandskapstiltak – utarbeide ein plan for tiltak og skjøtsel i kulturlandskapet i nasjonalparken.
- Særmerkte namn i nasjonalparken

Nasjonalparkforvaltaren og SNO får fullmakt til å utarbeide detaljerte skildringar for dei enkelte tiltaka, og til å utarbeide kostnadsoverslag. Dei større prosjekta, som t.d. ferdselsveger, skilting, parkeringshøve og skjøtselstiltak bør også innlemmast i forvaltningsplanen når arbeidet med revideringa er i gang.

Sak 47 – 2011

Søknad om skirennet Skåla ned for vinteren 2012 (drøftingssak)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var positive til skiarrangementet Skåla ned, som er planlagt i april 2012. Styret var likevel negative til omfattande motorisert ferdsle som ein følge av større arrangement i nasjonalparken.

Sekretariatet utarbeidar saksdokument, og legg saka fram for arbeidsutvalet for endeleg vedtak.

Sak 48 – 2011

Evaluering av jubileumsseminar og festmiddag (drøftingssak)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre var nøgd med jubileumsarrangementet, både som arena for utveksling av kunnskap og som møteplass for folk med tilknytning til nasjonalparken. Viss det nye styret vedtar å halde ein jubileumsmarkering i juni 2012 kan dei vurdere å invitere sentrale personar til m.a. også å fokusere på forhistoria til nasjonalparken. Det er viktig at det nye styret får god opplæring og god kunnskap om nasjonalparken.

Sak 49 – 2011

Eventuelt

Ei ny sak vart foreslege under sak nr 49 – eventuelt. Den fekk saksnummer 50 – 2011 som dreier seg om lågtflyging med helikopter og ev landing i nasjonalparken i samband med saueettersyn i Jostedalen.

Sak 50 – 2011

Jostedalsbreen nasjonalpark - lågtflyging med helikopter for ettersyn av sau – Odd Arne Myklemyr

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve i samsvar med framlegg til vedtak.

Nasjonalparkstyret gir sekretariatet fullmakt til å utarbeide saksdokument med vurderingar framkomme på styremøtet den 25. oktober, samt vurderingar jf § 8-12 i naturmangfaldlova.

Jostedalsbreen nasjonalpark – rammeløyve til oppføring av sel på Sunndalsseter – Dag Hjelle

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i møte 25. oktober 2011, i styresak nr 2011- 45, vedteke å gje eit rammeløyve til oppføring av sel på alternativ 4 på Sunndalssetra. Styret har gitt vilkår som går fram både av utgreiinga og vedtaket, og det er høve til å klage innan tre veker. Framlegg til vedtak var lokalisering av selet på alternativ 2.

Dokument i saka:

- Søknad frå Dag Hjelle datert den 26.04.2011 (vedlagt kart, teikningar og uttale frå Sunndalssetra sameige), og e-post datert den 02.08.2011
- Uttale frå kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune datert den 28.06.2011
- Synfaringar den 23.09.2010 og 06.06.2011. I tillegg var vi på synfaring på setra saman med Erling Gjørven frå sameiget 8. september inneverande år.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark

Søknaden

Søknaden gjeld dispensasjon frå vernereglane for å oppføre eit tradisjonelt sel på Sunndalssetra. Dag Hjelle viser i søknaden til gjeldande setrekontrakt for Sunndalssetra sameige og til Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er eigar av bruk gnr./bnr.17/2 i Hjelledalen og er dermed fullverdig part i Sunndalssetra sameige med rett til å føre opp eit sel og eit fjøs på Sunndalssetra (ifølge setrekontrakten). På synfaringa 06.06.2011 opplyste Dag Hjelle at han ikkje har sel på Sunndalssetra i dag, og ikkje har rettar i noko sel som står der i dag.

Dag Hjelle viser til at i skjøtselsplanen for Sunndalen opnar fylkesmannen for bruk av denne retten; sitat frå side 28 punkt 6.4: "Ikkje alle som har seterrett har sel på Sunndalssetra. Fylkesmannen er innstilt på å gje alle grunneigarar som har rett på sel, men som ikkje har sel i dag, løyve til å føre opp eitt sel i tradisjonell byggestil. Også seterfjøs i tradisjonell byggestil vil kunne få løyve. På Sunndalssetra var tømmersele og grindssystem opphavleg vanleg. Det vanlege er sel og fjøs kvar for seg. Ombygging frå fjøs til sel/hytte vil i utgangspunktet ikkje få løyve."

På synfaringa 23.09.2010 fekk Dag Hjelle klargjort at fylkesmannen truleg ville godkjenne utforminga av bygningen og plassering av bygningen. Etter dette har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre overteke forvaltningsansvaret.

I søknaden vert det gjort greie for utforming av bygningen som baserer seg på informasjon frå skjøtselsplanen, gjennomgang av aktuell byggeskikk (og praktisk bygningsutforming, materialar og teknikk) ved Nordfjordmuseet ved Petter Eide og oppmåling av aktuelle liknande bygningar på Sunndalssetra, synfaring 23.09.10 og epost/telefon konferanse med Tom Dybwad hjå fylkesmannen. På bakgrunn av dette er det søkt om å få oppføre eit sel med følgjande utforming:

Selet er søkt oppført i tradisjonell byggestil som eit tømmersele med utvendig kledning av vestlandspanel.

- Selet oppføres i 6" laft med følgjande mål på laftekassen (målepunkt sentret i laftevegg).
- Lengde: 720 cm, Bredde: 420 cm. Høgde til mønet kortvegger ca 350 cm. Høgde til raft på langvegger ca. 200 cm.
- Grunnmur: Avhengig av tomtas utforming og plassering; men planleggjast utført som ringmur forblenda med naturstein
- Utvendig kledning med vestlandspanel med vekslande ulike breidder; 1"x 6", 1" x 7", 1" x 8".
- Tak: Torvtak med takvinkel ca: 28 grader, takåsar utstikk på endevegger vert dekt av vindskeier
- Vindauger: Rørosvindauger: Kortvegg 1: 1 vindauger 113cm x 98 cm. Langvegg 1: 1 vindauger 113 cm x 98cm og 1 vindauger 113cm x 98cm. Kortvegg 2: dør og eit vindauger 58x58. Langvegg 2: 1 vindauger 58x98. Plassering av vindauger går fram av vedlagt teikning.
- Materialar: laft utført i seintveksande furu, tilsvarande kledning utført i 1" bord av seintveksande furu. Farge: mørk brun, vindaugskarmar og sprosper i kvit farge. Ubehandla kledning vert vurdert opp mot ønskje om ein så vedlikehaldsfri bygning som mogleg.

Ved plassering av selet har Dag Hjelle vurdert følgjande:

- Minst mogleg konfliktgrunnlag i høve til andre sameigarar og tradisjonelle "rettar" knytta til bestemte tufter og sel.
- Nærheit til eller konflikt med verneverdige tufter el. bygningar
- Plassering på fast grunn (fjell) med minimale risiko for setningsskader
- Plassering på grunn med god drenering
- Minimere nødvendig grad av inngrep i naturen, redusere behov for graving, fundamentering og tilhøyrande massetransport
- Minimere kostnader til opparbeiding av tomt/ grunnmur
- Arkitektonisk vurdering i høve til nabobygg.
- Lett terreng å bevege seg i utanfor selet (eit familiemedlem med ein medisinsk diagnose vil kunne klare seg betre i nærområde rundt selet dersom terrenget er lett å bevege seg i).

Det har vore vurdert fire ulike stader for plassering av selet. Dag Hjelle har landa på alt. 4 som det beste, og Sunndalssetra sameige har og sagt at dette er den plasseringa dei prioriterer. I Sunndalssetra sameige si uttale av 23.04.2011 står det at "Bygningens utforming og størrelse vart godtatt av sameigemøtet - einstemmig. Sameigemøte vedtok at plassering nr. 4 slik det fremgår av vedlagte kart er den beste plasseringen. Retninga på bygget bør ta utgangspunkt i dei to hovedretningane for husa på setra. Nøyaktig plassering av selet i området 4 vert avgjort ved synfaring. Vedtaket var einstemmig."

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av bygningar (verneforskrifta § IV, punkt 1.1). Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til å byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området. (verneforskrifta § IV, punkt 1.3).

I forvaltningsplanen for nasjonalparken frå 1994 heiter det at "privat hyttebygging (fritidshytter) i nasjonalparken vil ikkje bli tillate, med unntak av at grunneigar etter nærare vurdering vil kunne få løyve til oppføring av stølshus/fritidshytte i stølsområde der naturen ikkje har teke over og dersom dette ikkje er konfliktfylt, t.d. i høve til kulturminneverdiar".

I skjøtelsplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark frå 2001 heiter det at "ikkje alle som har seterrett har sel på Sunndalssetra. Fylkesmannen er innstilt å gje alle grunneigarar som har rett på eit sel, men som ikkje har sel i dag, løyve til å føre opp eit sel i tradisjonell byggjestil".

Vurdering

Ut frå retningslinjer som er trekt opp i forvaltningsplan og skjøtelsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark er det rimeleg å gi løyve til oppføring av eit sel slik Dag Hjelle har søkt om. Det viktige blir då vurderingar kring utforming og plassering av selet. Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune er rådgivar for forvaltningsstyresmakta når det gjeld dette.

Etter synfaringa 06.06.2011 der kulturavdelinga i fylkeskommunen, saman med søkjar og representantar frå Sunndalsseter sameige var med, skriv Sogn og Fjordane fylkeskommune i eit brev av 28.06.2011 følgjande:

"Under synfaringa vart to av dei alternative plasseringane lagt til sides på grunn av nærleiken til nabosel og fare for mogeleg konflikt med fornminne. På sørsida av elva ligg det eit sel, ei eldre turisthytte og ei større fjøstuft. Den gamle turisthytta er ikkje lenger i bruk til sitt opphavlege føremål, men er framleis ein bygning med ein viss stil og særpreg. Turisthytta er bygd i to høgder og er langt større enn dei tradisjonelle husa på setra. Bygningen ligg for seg sjølv, og litt i utkanten av det gamle stølsmiljøet. Ved å plassere nye stølshus i dette området, vil den avstanden turisthytta har i forhold til stølsmiljøet verte mindre og føre til ei noko uheldig blanding av to heilt forskjellige stilarter. Plassering av eit stølshus på dei høgareliggjande berga lengst mot nordvest i stølsområdet, kan heller ikkje tilrådest før det er gjort ei avdekking av området og ei nærmare undersøking av berggrunnen. Konklusjon: Sogn og Fjordane fylkeskommune si kulturminnefaglege vurdering, er at tomt nr 2, rett nord for elva, gjerne er den mest eigna tomte for oppføring av eit nytt stølshus. Murane her er mest truleg av dei yngste på stølsvollen og kan på ein forholdsvis enkel måte tilpassast til ny bruk."

Då Dag Hjelle vart gjort kjend med konklusjonen til Sogn og Fjordane fylkeskommune, mottok fylkesmannen, som sekretariat, følgjande kommentar (e-post av 02.08.2011): "Eg merkar meg tilrådinga frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Tilrådinga i høve til plassering vil vesentleg fordyre og vanskeliggjere realisering av sel på Sunndalssetra i og med at det medfører tungt steinarbeid med nedtaking, ny fundamentering og oppattsetting av gråsteinsmur. Tilrådinga er og i strid med vedtak i sameigarmøte og søkar sine interesser. Sameigemøte har lagt til grunn for sitt vedtak at ein ønskjer å utvikle seterområdet i tråd med tradisjonell arkitektur og miljø samt at fleire av grunneigarane skal kunne ha sine sel på setra - noko som vil medføre at det er fleire som naturleg har interesse i å delta i arbeidet med vedlikehald av seter/ stiar og landskap. I tillegg har fleire av sameigarane diskutert om det er mogleg å sette opp att Knutefjøsén på murane ved sidan av alternativ 4. Av desse årsakene har søkar og sameigemøte funne at alternativ 4 er det som best ivaretek desse interessene. Eg ber om at desse synspunkta blir framført og aller helst teke til følgje i Nasjonalparkstyrets handsaming av og vedtak i saka."

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av

offentleg mynde.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget:

Kunnskapsgrunnlaget vurderer vi som godt nok gjennom skjøtelsesplanen og tidlegare synfaringar i området. Det er tilstrekkeleg kunnskap om Sunndalen og om tiltaket til å vurdere at det ikkje vil vere fare for skade på natur og økosystem. Viktig kunnskap og vurderingar har vore innhenta frå kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen, som har danna mykje av grunnlaget for slutning. Likevel må Dag Hjelle søkje om igjen med nye teikningar som står meir i stil med resten av stølsmiljøet før endeleg vedtak kan føreligge.

§ 9 om føre-var-prinsippet og § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Fordi saka gjeld oppføring av eit sel i eit eksisterande stølsmiljø, vurderer vi at det ikkje blir særlege endringar i høve til situasjonen i dag. Det vert stilt strenge krav til utforming av selet, slik at det harmonerer med resten av stølsmiljøet.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Plasseringa av selet på alternativ 2 på stølsvollen vil truleg auke byggekostnadane, i motsetning til alternativ 4 som var høgst prioritert av søkjar.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Vi vurderer at oppføring av selet vil skje på den mest miljøforsvarlege måten med dei vilkåra som er sett. Nærare vilkår, mellom anna transportmetode for materialar, og liknande, vil bli handsama i det endelege løyvet til oppføring av selet.

Sekretariatet for nasjonalparkstyret meiner det skal sterke argument til å overprøve fylkeskommunen si tilråding om plassering av selet. Vi kan ikkje sjå dei momenta med eventuelle kostnader og anna er avgjerande for å tilrå eit anna alternativ enn fylkeskommunen si tilråding. Sekretariatet meiner, etter samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen, at teikningane som følgjer søknaden ikkje er gode nok til å gi eit endeleg løyve. Det er særleg (omfanget av) vindauge som må endrast, og inngangsdøra til selet skal vere midtstilt. Innvendig høgde på langveggen bør vere lågare enn 200 cm. Grunnflata på selet (ca. 4,2m x 6,5 m) må tilpassast tuften. Frakt av materialar til bygging av selet må truleg skje med helikopter. Søknad om bruk av helikopter bør sendast samstundes med søknad om endeleg byggjeløyve med nye teikningar.

Framlegg til vedtak:

Sekretariatet har følgjande framlegg til vedtak på bakgrunn av framlagt dokumentasjon og vurderingar:

Dag Hjelle får eit rammeløyve til å føre opp eit sel plassert på alternativ 2, dvs. på steinmurar nord for elvi. Dag Hjelle må kome tilbake med teikningar av selet tilpassa tomte (alt. 2) før endeleg løyve vert gjeve.

Når det gjeld nye teikningar av selet vil vi peike at selet i utsjånad må tilpassast tradisjonell byggjeskikk for sel og stølshus, jf. vurderingane i løyvet. Vi viser og til sel som har blitt restaurerte på Sunndalsseter dei siste åra.

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir eit rammeløyve til Dag Hjelle for oppsetting av stølshus på alternativ 4 på Sunndalssetra, det vil seie på berg/vegetasjon sør for elva. Dag Hjelle må kome tilbake med teikningar av selet tilpassa tomte før endeleg løyve vert gjeve.

Når det gjeld nye teikningar av selet vil styret peike at selet i storleik og utsjånad må tilpassast tradisjonell byggjeskikk for sel og stølshus, jf. vurderingane i løyvet. Styret viser og til sel som har blitt restaurerte på Sunndalsseter dei siste åra.

Nasjonalparkstyret grunngir lokaliseringa på alternativ 4 med følgjande argument:

- Ny informasjon vart lagt fram på styremøtet, og det vart vist til rapporten Etnologisk feltarbeid i Oppstryn, frå 1994, av Anne-Berit Ø. Borchgrevink. Der kom det fram at eit ev nybygg på alternativ 2 truleg vil påverke to gamle tufter, der den eine, jf. rapporten, truleg er av dei eldste på setra.
- Sameiget på Sunndalssetra har vedteke lokaliseringa samrøystes på årsmøtet, og det er viktig for nasjonalparkstyret å lytte til ei samla uttale frå grunneigarane i Sunndalen.
- Sameiget ønskjer at dei eksisterande tuftene på alternativ 2 skal ligge urørt på grunn av verdien dei har som kulturminne på stølsvollen.
- Det er, og har tidlegare vore, fleire sel på sørsida av elva. Det er difor ikkje avgjerande for stølsområdet som kulturlandskap å plassere nye bygg utelukkande på nordsida av elva.

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28. Klaga skal være sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Bestillingsdialogen – bakgrunn og kort forklaring

Omgrepet Bestillingsdialogen kom til for nokre år sidan for å ha ei formell plattform mellom forvaltningsstyresmakta og Statens naturoppsyn (SNO). Dette er eit planleggingsverktøy der ein ser på kva for arbeid, tiltak, utfordringar og prioriteringar som bør utførast i forvaltningsområdet for kvart år. Ideelt sett så lager SNO ein rapport og fortel om utfordringar, "kvar skoen trykker", vidareformidlar innspel frå publikum og andre og kjem med forslag. På bakgrunn av dette vil forvaltningsstyresmakta og SNO kome fram til kva ein bør prioritere i/for verneområdet for neste år. Dette skjer i november/desember kvart år. Bestillingsdialogen gjeld ikkje berre arbeid knytt til pengar, men også anna arbeid som ein meiner oppsynet/forvaltninga sjølv bør prioritere kommande år (t.d. ekstra fokus på ulovleg helikopterflyging/registrering av spesielt interessant biologisk mangfald/naturvegledning). Likevel er det tiltaka som krev ekstra midlar som har hovudfokus.

Bestillingsdialogen er formalisert gjennom eit skjemasystem som forvaltninga og SNO brukar. Dette blir vidare sendt til Direktoratet for naturforvaltning (DN) og SNO som sentralt prioriterer vidare tiltaksdelen utifrå statsbudsjettet og politiske føringar. Nokre større prosjekt brukar å bli løfta fram for å få fram nokre "fyrtårn-prosjekt" som kan vare over fleire år. Skålastiprosjektet er eit slikt. Trongen for midlar er ulike i ulike verneområde og kan vere ulikt frå år til år. I medio mars er statsbudsjettet fordelt på ulike tiltak i dei ulike verneområda. Då er det naturleg å ha eit nytt bestillingsdialogsmøte mellom forvaltning og SNO.

Moglege tiltak i Jostedalsbreen nasjonalpark 2012

Årsrapporten frå SNO er ikkje laga pr. dags dato, og dei fleste moglege tiltak er heller ikkje kostnadsberekna. Lista under (ikkje prioritert), med korte kommentarar, er å sjå på som eit innspel utifrå kunnskap om, og kjennskap til, nasjonalparken. Bilde og utfyllande kommentarar vert presentert under styremøtet den 25. oktober.

Skålastiprosjektet

Som nemnt så er dette eit fleirårig stort prosjekt som det er gitt lovnad om frå DN/SNO-sentralt skal prioriterast slik at det blir slutført. Likevel må det prioriterast frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for å nå opp i konkurransen mot andre store prosjekt. Sommarsesongen 2012 er satt som siste år med omfattande arbeid på Skålastien. Ettersom prosjektet er så stort har vi brukt ekstern prosjektleiar (Ole Runar Aabrekk frå Utmarksressurs AS) og han har allereie utarbeidd prosjektplan for neste år (sjå vedlegg).

Restaurering av gamle ferdselsvegar

Det er mange stiar som fører opp til brekanten og nokre stiar som går frå bygd til bygd utan å krysse bre. Mange av stiane treng eit større restaureringsarbeid. Grunnen til dette er fleire, både slitasje gjennom tida, større flaumar og skred og manglande årleg vedlikehald. Ein del av dei gamle stiane kan stadvis vere bygd opp med steintrapper og andre stader er det så bratt at det er sett ned jarnrør og kjettingar å halde seg i. Dei stiane som truleg treng størst restaureringsarbeid, sett frå naturoppsynet si side (ikkje i prioritert rekkefølge), er stiane til/i:

- Flatbrehytta, Fjærland i Sogndal
- Oldeskaret, Oldedalen i Stryn

- Lundeskaret, Kjøsnesfjorden i Jølster
- Kvitsteinsvarden, Veitastrond i Luster
- Kamperhamrane, Sunndalen i Stryn

Andre aktuelle stiar er Supphelledalen i Fjærland, Bergsetdalen i Jostedal, Fåbergstølsgrandane i Jostedal og Kattanakken i Briksdalen.

For fleire av stiane er det gjort noko vedlikehaldsarbeid dei siste åra, men ein god del er mellombels og kortsiktig. For å få gjort godt og haldbart arbeid bør det gjerast eit godt forarbeid. Dette gjeld kva for restaureringsarbeid som bør gjerast på ulike delar av stien, kva kostnadane vil vere og ein konklusjon på kven som tek det årlege vedlikehaldet. Dette forarbeidet bør gjerast første året og så vil styret ha eit godt grunnlag til å prioritere tiltak vidare. Det vil vere naturleg å sette opp ferdselsteljarar i dei aktuelle stiane for å sjå eventuelle skilnad før og etter tiltak. Mindre vedlikehald vil vere aktuelt å gjere i samband med forarbeidet.

Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt

Nasjonalparkskilta med den blåsfarge og –form (designskilt) er sett opp 12 stader. Av ulike grunner er det tidlegare bestemt å ikkje vidareføre desse, men bruke enklare informasjonsskilt på isblå bakgrunn. Informasjonsskilta har litt felles tekst, men det meste av tekst og bilde er forskjellig frå stad til stad for å gje dei besøkande meir informasjon om den enkelte stad i nasjonalparken.

Oversikt som viser kvar det er sett opp designskilt og forslag til kvar det bør settast opp nye enkle informasjonsskilt:

Stad	designskilt	nye skilt pri 1	nye skilt pri 2	merknad
Strynefjellet			x	Tystigen/
Sunndalen		x		
Erdalen		x		
Hjelle		x		
Nasjonalparksenteret	x			
Stryn sentrum	x			
Loen	x			
Skåla-parkering		x		
Bødalseter	x			Øydelagt
Kjenndalen	x			Ikkje sett opp pga usemje
Olden	x			
Brenndalen				Ønske frå næringsutøvar
Melkevoll	x			pionerskilt
Briksdalen	x			
Utvikfjellet		x		
Byrkjelo			x	
Myklebustdalen			x	
Stardalen		x		
Haugadalen		x		
Befringsdalen			x	
Fonn			x	
Skei	x			
Haukedalen			x	krysset
Grøneng		x		
Gaularfjellet		x		

Lunde		x		
Bøyabreen	x			
Øygard, stien mot Flatbrehytta		x		
Supphellebreen	z			Her er det nye skiltet på plass
Bremuseet/busstopp	x			
Berge			x	
Anestølen		x		
Sogndalsfjora	x			Ikkje sett opp
Hafslo	x			
Veitastrond, vårstølen	x			
Tungestølen		x		
Gaupne	x			Finst, ikkje sett opp 1)
Fossøy, flaummerke		x		Ønske frå grunneigarar
Bergsetdalen	x			
Breheimsenteret				Øydelagt 1)
Fåbergstølen/breen			x	
Styggevatnet			x	1)

1) Bør samordnast med Breheimen nasjonalpark

Det finst eldre skilt for Jostedalsbreen nasjonalpark som står ulike stader, både inne og ute. Skiltet er så gammalt at dei gamle grensene (frå før 1998) står på. Det bør vurderast om det i tillegg skal lagast ein plakat/skilt med generelle opplysningar om nasjonalparken som kan brukast rundt heile parken.

Utbetring av parkeringsplassar ved innfallsportar

For besøkande er ofte enden av vegen, eller ein parkeringsplass, sjølv innfallsporten og "fyrsteintrykket" av nasjonalparken. Alle desse stadene ligg utafor vernegrensa, men må vurderast i forvaltninga. Fleire av parkeringsplassane gir eit litt "tilfeldig" inntrykk: kvar startar og sluttar parkeringsplassen, finst det bord og benkar, finst det toalett, finst det informasjon? Ein start for å kome vidare med dette, er å be arkitekt/landskapsarkitekt (eventuelt invitere studentar) om å utforme gode løysingar. Dette vil vere eit typisk samarbeidsprosjekt med kommunane. Aktuelle stader kan vere Bødalseter og Kjenndalen i Stryn, Haugadalen i Jølster, Bøyabreen og Supphellebreen i Sogndal, Tungestølen og Bergset i Luster.

Naturvegleiing – sommarprosjekt

Ønsket om å vite meir om plante- og dyreliv og ikkje minst om geologi, bre og klima ser vi er aukande blant dei besøkande i nasjonalparken. Men folk er lite interessert i å betale for dette. I SNO er kompetansen stadig voksane på dette området etter å ha hatt eigen Naturveileder-seksjon i fleire år. Alle tre nasjonalparksentra ønskjer å knyte til seg naturvegleiarar. Ettersom Bremuseet er vedteke som forvaltningsknutepunktet for Jostedalsbreen nasjonalpark, kan arbeide fram eit prosjekt om naturvegleiing mellom Bremuseet, nasjonalparkstyret v/ sekretæren og SNO.

Kulturlandskapstiltak

Sjølv om mykje av nasjonalparken er bre, fjell og bratte dalsider, så er det òg mange stølar og kulturlandskap innafor vernegrensa. Landskapet kring stølane viser framleis gode spor frå historisk bruk. Gjennom ein målretta plan og fleirårig tiltak kan ein klare å gjenskape noko av kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet knytt til det

opne, menneskepåverka landskapet. Aktuelle skjøtselstiltak kan vere styrt beite, hogst, slått og lauvving. Med erfaring frå andre stader, nyttar det ikkje berre å rydde og hogge kratt. Aktuelle område må vurderast i høve økologien og den tidlegare bruken av området. Det bør lagast gode planar for dette før ein sett i gang. Erfaring frå DYLAN-prosjektet vil vere aktuell kunnskap å bygge på. Aktuelle område er Sunndalen, Erdalen og Bødalen (Bødalseter).

Særmerkte namn i nasjonalparken

Kvifor heiter det Bjødnakyrkjebreen, Kjelkevarden, Tjuvskora og Bings gryte? Ei innsamling av fakta og ein presentasjon av særmerkte namn i nasjonalparken er ein viktig del av kulturhistoria som er interessant å vidareformidle eller bruke i naturformidlingsarbeid.

Andre forslag

Nedanfor er ei liste med andre idear som kan være aktuelle for nasjonalparken dei neste åra. Desse kan også være grunnlag for diskusjon under møtet. Medlemmar av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har høve til å kome med eigne forslag til prioriterte tiltak for 2012.

- Utarbeide temabrosjyre/stoff om kvartærgeologi i nasjonalparken
- Skrive ei jubileumsbok for nasjonalparken
- Nasjonalparkdiplom
- Juni-markering av 20-års jubileet
- Markere den europeiske nasjonalparkdagen, 24.mai
- Utarbeide/samle informasjon/bakgrunnstoff om nasjonalparken
- Fotodokumentasjon - prioriteringar
- Artsobservasjonar - prioriteringar
- Revidering av Forvaltningsplanen

Jostedalsbreen nasjonalpark – lågtflyging med helikopter for ettersyn av sau – Jostedal sankelag

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i møte den 25. oktober 2011, i styresak 50 – 2011, gitt løyve til Jostedal sankelag for lågtflyging med helikopter for å sjå etter bortkommen sau. Løyvet gjeld også landing dersom det er strengt naudsynt. Styret har gitt vilkår som går fram av vedtaket, og det er høve til å klage på vedtaket.

Dokument i saka:

- Søknad frå Jostedalen sankelag v/Odd Arne Myklemyr datert den 24. oktober 2011.

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark datert den 25.10.1991
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)

Søknaden:

Jostedal sankelag v/ Odd Arne Myklemyr søkte i e-post datert den 24.10.2011 om lågtflyging og ev landing i Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar var også i kontakt med sekretariatet pr telefon den 21. oktober og den 24. oktober. Søknaden er grunngjeve med at sankelaget manglar mykje sau i området, og at tidleg snøfall har gjort at sankinga av sau frå fjellet komplisert. Det var også mykje snø i området, slik at sauesank til fots har vore veldig vanskeleg i dei store områda. Helikoptersøket er eit samarbeid mellom Jostedal sankelag og saueeigarar på Røneid og i Leirdalen.

Søknaden skisserar ei rute frå Gaupne inn mot Tunsbergdalen, kryssing over mot Røykjedalen, Krundalen ned frå Bergset og Haugafjellstølen, før helikopteret vender tilbake til Gaupne nedover Jostedalen. Sankelaget har fått avtale med Helitrans om flyging måndag den 24.10.2011 kl 16.00, men tek i søknaden høgde for at veret kan føre til utsetjing av flyginga. Eventuell landing vil berre skje dersom dei observerer sau som er vanskeleg å hente til fots.

Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I nasjonalparken er motorferdsel på land og i vatn, også landing med luftfartøy, forbode. Som landing reknast og om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode (verneforskrifta si § IV, punkt 4.1). Forvaltningsmyndet kan gje løyve til motorferdsel i samband med husdyrhald og hogst (verneforskrifta si § IV, punkt 4.3).

Forskrifta krev at før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.

Jamfør § 7 i naturmangfoldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd.

Vurdering:

Fråvæer av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet for dyr, fugl og folk i utmark, og spesielt i en nasjonalpark. Eit av hovudføremåla med vernet i Jostedalsbreen nasjonalpark er nettopp å gje høve til naturoppleving gjennom friluftsliv. Difor er motorferdsel på land, vatn og i lufta under 300 m frå bakken i utgangspunktet forbode innanfor verneområdet.

Det er ein opning i verneforskrifta for å kunne nytte motorisert ferdslø i samband med sakar som gjeld husdyr. Husdyr generelt, og sau spesielt, har ferdast i nasjonalparken i lange tider. Dei har ein viktig funksjon i området, både for å halde vegetasjon nede, men også som livsgrunnlag for folk som bur i randområda av nasjonalparken.

Med det tidlige snøfallet i oktober har det truleg blitt ståande ein del sau igjen i delar av området. Det er heller ikkje så lett å bevege seg til fots i delar av det omsøkte området, og med mykje snø vert også sauene vanskelegare å få auge på i det kvite landskapet. Den omsøkte helikopterflyginga vert vurdert som lite konfliktfylt i høve friluftsliv i det aktuelle området. Med så mange sau i området er omsyn til dyrevern viktig i høve den samla vurderinga.

Motorferdsla innanfor nasjonalparken må avgrensast til det som er naudsynt, og fordi forvaltningsstyresmakta har ansvar for å ha oversikt over den totale mengda motorferdsle i området, er det viktig med rapport i ettertid av flyginga.

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova skal §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd.

§ 8 kunnskapsgrunnlaget og § 9 om føre-var-prinsippet:

Det er i dag ikkje avdekka spesielt sårbart biologisk mangfald som kan uroast langs den planlagde helikotterruta. Det er tilstrekkeleg kunnskap om verneverdiane til å vurdere søknaden. Friluftsliv i området er heller ikkje til stades i stor skala. Flyginga bør likevel avgrensast til det som er strengt naudsynt.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning:

Det er tilstrekkeleg kunnskap om området til å vurdere at den omsøkte motorferdsla er innanfor det forsvarlege for området. Det er lite motorisert ferdslø i området, og sau vert vanlegvis sankt ned frå fjellet før snøen kjem. Den samla belastninga er vurdert som liten. Forvaltningsmyndet skal også få ein rapport i ettertid for å ha oversikt over den samla motorferdsla i området.

§ 11 om kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Helikopterflyginga er ikkje forventa å forringe miljøet meir enn den korte tida det er i lufta. Kostnadane ved miljøforringing vert ikkje vurdert som relevant i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Det er i løyvet sett vilkår om å minimere flyginga til det absolutt naudsynte i høve føremålet for flyginga. Driftsmetoden med helikopter for ettersyn av sau i store områder på snødekt fjell er vurdert til den mest hensiktsmessige i høve påverknad for natur og friluftsliv.

Framlegg til vedtak:

Nasjonalparkforvaltaren har følgjande framlegg til vedtak på bakgrunn av innsendt søknad, lovgrunnlag og vurderingar:

Med heimel i forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark § IV punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Jostedal sankelag v/ Odd Arne Myklemyr for lågtflyging og ev landing i området mellom Tunsbergdalen og Krundalen. Løyvet gjeld veke 43 året 2011. Løyvet vert gitt på vilkår at det vert gitt skriftleg rapport om rute, dato og ev landingar til nasjonalparkforvaltaren i ettertid.

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve i samsvar med framlegg til vedtak.

Nasjonalparkstyret gir sekretariatet fullmakt til å utarbeide saksdokument med vurderingar framkomme på styremøtet den 25. oktober, samt vurderingar jf § 8-12 i naturmangfaldlova.

Klage

Avgjersla i dette brevet kan klagast inn av alle som har rettsleg klageinteresse i saka, jf forvaltningslova si § 28.

Klaga skal være sendt skriftleg innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Klaga skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Referat slutt.

ADRESSELISTE:

JOSTEDALSBREEN NASJONALPARKSTYRE
VARAMEDLEM I JOSTEDALSBREEN NASJONALPARKSTYRE
DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING
FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE
STATENS NATUROPPSYN JOSTEDALSBREEN
STRYN KOMMUNE
FØRDE KOMMUNE
GLOPPEN KOMMUNE
JØLSTER KOMMUNE
BALESTRAND KOMMUNE
SOGNDAL KOMMUNE
LUSTER KOMMUNE
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE